



<b>FØREMELD INSPEKSJON ved</b> <b>Firda Settefisk AS avd Norddal</b> <b>Lokalitet 13713 Norddal</b> <b>i Flora kommune</b>	Endeleg  RAPPORT
---	------------------------

<b>Verksemnda si adresse:</b>	6900 Florø	<b>Arkivkode:</b>	03/6293, 542.1
<b>Lovverk:</b>	Ureiningslova med forskrifter	<b>Tidsrom for kontrollen:</b>	30.10.2007
<b>FMVA si kontrollgruppe:</b>	Gunn Helen Henne	<b>Kontaktpersonar i verksemnda:</b>	Arild Norddal
<b>evt. anna kontrollgruppe:</b>	Fiskeridirektoratet, Mattilsynet	<b>Risikoklasse:</b>	4

Innhald i rapporten:

Denne rapporten omhandlar dei avvik og merknader som vart avdekkja innan dei kontrollerte områda. Kontrollen omfatta følgjande hovudtema: verksemnda si oppbygging og utøving av internkontroll i høve helse-, miljø- og tryggleiksaktivitetar som gjeld ytre miljø (vern mot ureining og ei betre handtering av avfall), produksjons-/forbruksavfall, farleg avfall og risikovurdering/beredskap.

**Hovudkonklusjonar:**

Fylkesmannen avdekkja 2 avvik, og har gjeve 3 merknader ved kontrollen. (Avvik og merknad er definert på neste side.)

- **Avvik 1** Verksemnda har manglar ved internkontrollen.
- **Avvik 2** Verksemnda bryt vilkår i utsleppsløyvet.
- **Merknad 1** Verksemnda si sikring mot utslepp kan betrast
- **Merknad 2** Verksemnda sine målsetningar på ytre miljø bør konkretiserast
- **Merknad 3** Avvikssystemet i verksemnda sitt internkontrollsystem kan betrast

Utarbeidd dato: 27.11.2007

For FMVA:

Gunn Helen Henne

## 1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter kontroll den 30.10.2007 ved Firda Settefisk AS sitt settefiskanlegg i Norddalsfjorden i Flora kommune. Kontrollen inngår som ein del den kontrollaktiviteten som fylkesmannen si miljøvernavdeling i Sogn og Fjordane har planlagt for dette året.

Målet med kontrollen var å vurdere om krav i utsleppsløyve og ureiningslova med forskrifter vert stetta.

Kontrollen vart gjennomført ved gransking av dokument, ved intervju og inspeksjon av anlegget. Rapporten inneheld omtale av kontrollen og dei avvik og merknader innan miljøvernavdelinga sitt forvaltningsområde som vart avdekt. Vi vil gjere merksam på at *alle* sider av verksemda som kan ha noko å seie for ytre miljø ikkje vart granska ved kontrollen. Verksemda må sjølv aktivt arbeide for å avdekkje feil og manglar og setje i verk nødvendige tiltak.

Definisjonar:

<p><b>AVVIK</b> vert definert som brot på krav som er fastsett i eller med heimel i helse-, miljø, og tryggleikslvgivinga. (Døme er brot på krav i ureiningslova, forskrifter til lova, utsleppsløyve, og verksemda sine egne rutinar som er nødvendige for å stette styresmaktene sine krav.)</p>
--

<p><b>MERKNAD</b> er definert som tilhøve som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta helse, miljø og tryggleik, og som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik. (Brot på egne rutinar som inneheld strengare krav enn lovkrava, kan verte omtala som merknad.)</p>
--

## 2. Dokumentgrunnlag

Dokumentgrunnlaget for kontrollen var:

- Ureiningslova med forskrifter
- Utsleppsløyve dagsett 22.3.2002, og mellombels dispensasjon frå løyvet dagsett 30.10.2003.
- Verksemda sin eigen dokumentasjon, knytt til den daglege drifta, og tilhøve som har verknad for helse, miljø og tryggleik

### 3. Avvik

Fylkesmannen avdekte følgjande avvik under kontrollen:

---

**Avvik 1: Verksemda har manglar ved internkontrollen.**

---

**Avvik frå:** Forskrift om systematisk helse- miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta) §5, 2. ledd, pkt 1, 6, 7 og 8.

**Kommentar:** Verksemda har laga eit internkontrollsystem som inneheld mange bra moment, men sett under eitt er det manglar på nokre enkeltområde. Under er gjeve nokre eksempel:

- Oversikta som finst over det viktigaste regelverket er mangelfull. Mellom anna er det ikkje vist til ureiningslova med forskrifter eller utsleppsløyvet, og det fanst ingen kopi av utsleppsløyvet på anlegget<sup>1</sup>.
- Når det gjeld vurdering av risiko for det ytre miljøet, er verksemda merksam på at ev. overfylling eller lekkasje frå dieseltanken vil kunne gje ureining av omgivnadane. Ein har likevel ikkje gått vidare frå å ha kartlagt ein fare til å gjere ei riskovurdering og vurdert tiltak for å redusere denne risikoen. Sjå også merknad 1.
- Varslingsrutinane i verksemda omfattar ikkje noko form for varsling ved eventuell akutt ureining.
- Internkontrollen er ikkje systematisk gjennomgått og oppdatert på ei stund. Dette viser seg mellom anna i opplistingar over avvik/ forbetringar/ saker som skal følgast opp på ulike område, der all dokumentert aktivitet ser ut til å ha stoppa opp i 2004. Verksemda opplyser at det er planlagt ein gjennomgang av internkontrollsystemet i løpet av året.

---

**Avvik 2: Verksemda bryt vilkår i utsleppsløyvet.**

---

**Avvik frå:** Utsleppsløyve med vilkår dagsett 22.3.2002, og vilkår for mellombels dispensasjon frå reinsekrav dagsett 30.10.2003.

**Kommentar:** I samband med handsaming av utsleppsløyvet i 2002 kom det inn fleire merknader i høve til utsleppa frå anlegget og miljøpåverknaden i fjorden (algevekst, feitt, kvalitet på fisk, m.m.). Utsleppsløyvet sette frist til 1.4.2003 med å finne eigna utsleppsstad og etablere utsleppsleiding som sikrar at avløpet ikkje når overflata om sommaren. Verksemda har ikkje utført straummålingar og teoretiske utrekningar for innlagring av avløpet som dokumenterer forsvarleg utsleppsstad.

---

<sup>1</sup> Verksemda har i etterkant av kontrollen fått tilsendt ny kopi av utsleppsløyvet på e-post, og vart på kontrollen gjort merksam på nettstaden [www.regelhjelp.no](http://www.regelhjelp.no), der det viktigaste regelverket på HMS-området, inkludert regelverket for ureining og avfall, ligg samla og tilpassa bransje.

Verksemda har fått mellombels dispensasjon fram til 31.12.2008 frå kravet i utsløppsløyvet om etablering av reinseanlegg, på vilkår av at miljøtilhøva i resipienten skulle kartleggast grundig innan 31.12.2005. Verksemda har fått utført og levert rapport for resipientgransking i januar 2007, men har ikkje levert rapport for oksygenmålingar. Verksemda opplyser at oksygenmåleprogrammet kom seint i gang, og pågår framleis. Rapport for dette er dermed ikkje er ferdig.

#### **4. Merknader**

Fylkesmannen gav følgjande merknader under kontrollen:

---

##### **Merknad 1 Verksemda si sikring mot utslepp kan betrast**

---

Verksemda sin lagringstank for diesel er ikkje sikra mot utslepp til grunnen og vidare til vassdrag. Tanken står på grusdekke, utan mulighet for oppsamling av ev. utslepp. Eventuelle utslepp ved lekkasje eller overfylling vil renne i grunnen og vidare ut i elva og fjorden.

Maursyre for tilsetning i daudfisktanken er lagra i 25-literskanner i eit skur utan dør på nedste delen av anlegget. Det bør vurderast om slike kanner kan flyttast innomhus i lokala like ved sidan av, som ei sikring i høve til uvedkomande.

---

##### **Merknad 2 Verksemda sine målsetningar på ytre miljø bør konkretiserast**

---

Miljøplanen som verksemda har utarbeidd, omfattar viktige område i høve til ytre miljø. Den fungerer som ein overordna "miljøpolitikk" for anlegget, men er lite konkret når det gjeld å sette etterprøvbare mål. For eksempel har ein uttrykt ønskje om å redusere både fôrfaktoren, støy, og straum-, diesel- og kjemikalieforbruket på anlegget, men det er ikkje sagt noko om verken dagens situasjon eller måla for framtidige nivå på nokon av desse punkta.

---

##### **Merknad 3 Avvikssystemet i verksemda sitt internkontrollsystem kan betrast**

---

Avvik vert registrert i fleire former, mellom anna som dagbøker, alarmloggar og meldeskjema for uønskete hendingar, men det som vert registrert vert i liten grad sett på under eitt og brukt systematisk som forbetningsgrunnlag i internkontrollen. Avviksmeldingar gjev verdfull informasjon om feil og manglar som oppstår, denne informasjonen kan brukast konstruktivt i verksemda sitt systematiske internkontrollarbeid.

#### **5. Andre tilhøve**

Fylkesmannen fekk eit godt inntrykk av verksemda ved kontrollen. Anlegget framstod som ryddig og velorganisert, med god merking og tydelege oppslag over rutinar/prosedyrar/viktige ting å hugse på på ulike stader.